



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 31.08.2018

---

**Sak nr.:** 18/6755-3

**Internt l.nr.:** 40592/18

**Sak:** 85/18

**Tittel:** **Høyring av forslag til endring i energilovforskrifta om internkontroll for miljøkrav for anlegg med konsesjon etter energilova kapittel 3**

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesutvalet støttar høyringsframlegget frå NVE om oppretting av ny § 3.7 inkl. endring i § 9-7 om overtredelsesgebyr. Endringane vil gjere at det vert stilt krav til konsesjonærane om å ha god og tilgjengeleg oversikt over verknadane dei ulike anlegga har for miljø og landskap og dei vilkår som er stilt i konsesjonen. Endringane vil og gjere det enklare for NVE å føre tilsyn.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det bør vurderast om mindre anlegg skal ha reduserte/tilpassa krav for å hindre kostnadsdrivande system som kan redusere lønsemda og hindre eventuelle nye utbyggingar.

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Siste setning i konklusjonen saksframlegget (Fylkesutvalet ser positivt.....) erstattar siste setning i vedtaket (Endringane vil og....)

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, samt framlegga frå fylkesutvalet, vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Fylkesutvalet støttar høyringsframlegget frå NVE om oppretting av ny § 3.7 inkl. endring i § 9-7 om overtredelsesgebyr. Endringane vil gjere at det vert stilt krav til konsesjonærane om å ha god og tilgjengeleg oversikt over verknadane dei ulike anlegga har for miljø og landskap og dei vilkår som er stilt i konsesjonen. Det bør vurderast om mindre anlegg skal ha reduserte/tilpassa krav for å hindre kostnadsdrivande system som kan redusere lønsemda og hindre eventuelle nye utbyggingar. Fylkesutvalet ser positivt på at det vert innført krav om internkontroll, men understrekar at krava må vere tilpassa behovet.